

Revmatikar-fest med god stemning

26.11.2007

Det var ein koseleg atmosfære som møtte festdeltakarane då dei kom til Kvinnherad Revmatikarlag sin førjulsfest i Helgheim laurdag. Med flotte festdekka bord og nydeleg musikk frå trekkspelaren Øystein Langeland vart dei tekne i mot. Ei flott ramme for ein vellukka kveld.

Mellom 40 og 50 deltakarar var møtt fram då festleiar Bjørg Hauge ønskte dei velkomne til fest. Ho overlet podiet til Vegard Døssland som framførte tre kjende julesangar på kornett. Både førjulsstmmninga og feststemninga var såleis på plass.

Etter det kosa festdeltakarane med allsang, god mat og godt preik før det vart dans.

- Koldtbordet som damene på Sanden leverte, var fortreffeleg, og dansemusikken var heilt uovertruffen! Trur aldri eg har sett ein så stor del av folket på dansegolvet, kunne ein av festdeltakarane meddela.

Ei anna sa då ho gjekk heim, at denne flotte musikken kunne ha halde ho oppe heile natta! Tydeleg tilfredse med festen var dei alle saman.

Vi tar med at det er tre uskedelingar i styret i Kvinnherad Revmatikarlag. Det er Bjørg Hauge(leiar), Marit Hauge og Kjellaug H. Myklebust.

Av: Thor Inge Døssland.